



# Leksikaliseringsprosessar i samansette verb: Adjektiv eller partisipp?

Bjørghild Kjelsvik  
Nynorskordboka  
SPRÅKRÅDET / UIO

# Partikkelverb:

- Partikkelverb i norsk kan delast i to grupper:
  - A. Som samansetning av preposisjon og verb – preposisjonen er føreledd
    - avfolke
    - etterlikne
  - B. Som uttrykk med etterstilt preposisjon el. adverb (fonologisk rytmegruppe)
    - kaste bort
    - byggje på (opp, ned, ut, inn, om)
- Inndelingskriterium:
  - Plasseringa av preposisjonen
  - Samskriving vs. særskriving
- Avgrensing av gr. B mot vanlege verb og preposisjonsuttrykk
  - Sterkare fonologisk samanbinding
  - Ikkje obligatorisk med utfylling til preposisjonen

# Problemet:

Etterleddet styrer ordklasse for sammansetninger i norsk.

- Nokre ord er semantisk klart knytta til verb i gruppe B, men har likevel preposisjonen framfor verbet:
  - bortkasta
  - påbygd (oppbygd, nedbygd, utbygd, innbygd, ombygd)
- Dei fungerer som adjektiv
- MEN: Etterledda her er partisippformer av verb, korleis skal dei då kunne vere adjektiv?
- Er dette perfektum partisipp av verba **kaste bort** og **byggje på** (opp, ned, ut, inn, om)?
- Eller er det avleidde adjektiv?

**bort|kasta a3** (perfektum partisipp av *III kaste* og *bort*) mista; (brukt) til inga nytte; spilt  
*bortkasta tid*

**inn|kasta a3** (perfektum partisipp av *III kaste* og *II inn*) som er kasta inn, knust med kasting utanfrå  
*innkasta glasruter*

**over|driven a5** (perfektum partisipp av *overdrive*)  
*overdriven bruk av medikament*

**over|drive v.** (etter ty)

**1** drive for vidt, praktisere meir enn som vel er  
*sport må ikkje overdrivast*

**2** setje for høgt, ta for hardt i, smørje for tjukt på, skryte  
*overdrive verdien av noko / ho er fæl til å overdrive*

☰ **Bøying i samsvar med 2012-rettskrivinga:** ☒

overdrive	Infinitiv	Presens	Preteritum	Presens perfektum	Imperativ
v.	å overdriva å overdrive	overdriv	overdreiv	har overdrive	overdriv

  

overdrive	Perfektum partisipp				Presens partisipp
	Hankjønn/hokjønn	Inkjekjønn	Bunden form	Fleirtal	
v.	overdriven	overdrive	overdrivne	overdrivne	overdrivande

# Beito (1986) om samansette verb

- Beito (1986: 146): «Er verbet samansett berre i dei adjektiviske formene, pres.part. og perf.part., kallar vi det laus (el. uekte) samansetjing, t.d. *kaste bort, kastar bort, kasta bort, det er bortkastande, det er (el.vert) bortkasta (el.kasta bort; ...)*; i supinum etter *ha* og *få* er det alltid usamansett.»
- Beito innfører her eit slags morfologisk kriterium for å rekne med ei særskilt gruppe samansette verb, dei som altså flyttar partikkelen fram og føyer det saman med verbet i partisipp-formene.
- Supinum-forma er likevel usamansett:
  - *Eg har kasta bort eit stykke av levetida mi* (Duun 1922:97)

# Nokre fast samansette verb (Beito 1986:146)

Infinitiv (verb med preposisjon føreledd)	Perfektum partisipp med <i>bli, verte, el. vere</i> (kongruensbøy.)
avfolke	avfolka
avhende	avhendt
etterlikne	etterlikna
innreie	innreidd
oppdage	oppdaga
overdrive	overdriven
oppmode	oppmoda
samanlikne	samanlikna
tilby el. tilbyde	tilbydd
undervise	undervist

# Nokre laust samansette verb, Beito 1986:146

Infinitiv (verb med etterstilt preposisjon)	Perfektum partisipp med <i>bli, verte, el. vere:</i>
kaste bort	bortkasta
flytte heim	heimflytta
komme hit	hitkomen
gå inn, gå ut	inngått, utgått
hogge ned	nedhoggen
ta opp	opptatt
lage til	tillaga
stengje ute	utestengd

- NB! Beito noterer at «Skiljet mellom laus samansetjing og usamansett verb med adverbial er heller uregelrett. Samansetjing har vi helst der partisippet er predikativ, t.d. «*han er ikkje heimflutt enno*» ...og det er alltid samansetjing i attributiv stode, t.d. *bortkomne sauer.*»

# Supinum og partisipp

- Nynorsk grammatikk har operert med *supinum* som eit særskilt namn på perfektum partisipp etter hjelpeverba *ha* og *få*
- *Supinum* blir brukt til å danne vanleg samansett *perfektum i aktiv*
- Etter hjelpeverba *vere*, *bli* og *verte* blir partisippet bøygd i kjønn og tal i samsvar med subjektet. Nøytrum eintal er lik supinum-forma
- *Partisipp* kan brukast til å danne *perfektum* med *vere* som hjelpeverb når hovud verbet er *intransitivt*
- *Partisipp* blir brukt til å danne *passiv* med *transitive* verb



# Supinum og semantisk rolle

- Supinum med *ha* og *få*:
  - Verbet er i aktiv
  - Subjektet er *agens* for handlinga
    - *Beito* har drøfta partisippa
    - *Andre* har gjort det før
    - *Du* har gått ut
    - *Nokon* har kome inn
    - *Dommaren* har dømt straffe 3 gangar
  
    - *Du* fekk gjort det du skulle
    - *Han* får gått ein time kvar dag
    - *Ho* får kome seg opp av grøfta
    - *Dommaren* fekk dømt tjuven

# Partisipp og semantiske roller

Partisipp med *vere, verte, bli*:

A. Einverdig/intransitivt verb med **agentivt** subjekt

B. Subjektet er **patiens** for handlinga/hendinga

- *Ho* er *komen* seg opp av grøfta
- *Han* er *gått* ut
- *Nokon* er *komen* inn
- *Turane* er *gätte* av mange
- *Sakene* blei *drøfte/drøfta*
- *Arbeidet* blei gjort slik før
- *Fristen* er *gått* ut
- *Melka* var *gått* ut på dato
- *Mannen* er *dømd* i tingretten
- *Tjuvane* vart *dømde* til fengsel

# Perfektum partisipp i nynorsk: mellom verb og adjektiv

- ❑ Ein del av bøyingsparadigmet for verb
- ❑ Bøygde som adjektiv (samsvarsbøying)
- Hovudverb i samansett perfektum for intransitive verb i aktiv
  - Mannen var **reist**
  - Mennene var **farne**
- Hovudverb i **bli/verte**-passiv og **vere**-passiv
  - *Tjuvane blei/vart **dømde** til fengsel* (fokus på prosessen, handlinga)
  - *Tjuven er **dømd** til samfunnsteneste* (fokus på resultatet, tilstanden)
- Brukt reint attributivt
  - Den **dømde** mannen gjekk stille ut (fokus på resultatet, tilstanden)
  - Dei **vrengde** kleda låg på golvet (fokus på resultatet, tilstanden)

# «Adjektiviske former av verbet»

- Samansett passiv i nynorsk blir danna med *bli/verte* eller *vere* + perfektum partisipp
- Partisipp har dermed ofte subjekt med patiensrolle i setninga
- Partisippa viser ofte til eit resultat av handling eller ein oppnådd tilstand for subjektet
- I slike konstruksjonar ligg partisippa nær den vanlege bruken av adjektiv som predikativ

# Beito vs. Norsk referansegrammatikk

- Beito: partisippet blir brukt som predikativ når det er samansett
- NRG: Partisipp er **ikkje** brukt som predikativ, men dannar passiv
- Det er liten avstand mellom partisipp og den vanlege bruken av adjektiv som predikativ:  
*«Skilnaden på eit partisipp som predikativt adjektiv og eit partisipp som hovudverb i passiv kan vere flytande, men ein viktig skilnad er at partisippformer kan brukast i setningar med formelt subjekt; det kan ikkje adjektiv» (NRG 1997: 736)*

Døme frå NRG:

1) *Huset er bygt – Det er bygt eit hus (passiv)*

2) *Huset er nybygt – \*Det er nybygt eit hus (predikativ)*

→ Når partisippet er blitt samansett med noko anna, er det blitt eit adjektiv.

# Tilbake til partikkelverba:

Observasjonar frå korpus: *kast.\* bort* (202 treff) og *bortkast.\** (270 treff)

<i>kaste bort</i> og <i>bortkasta</i>	Døme frå korpuset (litt korta ned)
Perfektum aktiv	Statoil har kasta bort 40 milliardar på...
Perfektum passiv	Millionar av pund er kasta bort på ...
Perfektum passiv	Kostbar tid vart kasta bort.
Objektspredikativ	Pengane til kalking er bortkasta.
Predikativ	...problemet med skularbeid er at det er heilt bortkasta.
Attributivt	..ser på den bortkasta reisetida som ei lønsam investering

1. Partisipp brukt i aktiv og passiv-setningar er ikkje samansett
2. Predikativ og attributiv bruk har samansetning (bortkasta)
3. Ingen døme på attributiv bruk av *kasta bort*

# Leksikografisk kategorisering

## Ordboksarbeid fører til systemtvang

- Når skal eit ord reknast som eige lemma og dermed ha eige oppslag?
  - Eit lemma er ei gruppe av former som høyrer saman i eit bøyingsparadigme
  - Må ha sjølvstendig eksistens som ord, ikkje berre vere bøyingsform
    - partisipp treng ikkje vere oppslagsord
    - adjektiv må vere oppslagsord
- Korleis finn vi ut om ord er eigne lemma?
  - **Empiri:** Samlingar som viser ordbruk (helst søkbare digitaliserte korpus der ein kan finne mange instansar av orda )
  - Avgjerder om kategori må gjerast ut frå kunnskap om **korleis ordet faktisk blir brukt**, som verb, attributivt eller nominalt
  - Ein må ha **nok døme** til å kunne setje opp eit fullstendig paradigme

# Tvang og binding

Coerciveness and bondedness (Taylor 2002: 330)

Kva er det som gjer *bortkasta* frekvent som predikativ og attributiv, medan *kasta bort* ikkje brukast i desse posisjonane?

- Samansetningar generelt har ofte semantiske trekk som ikkje berre er summen av del 1 og del 2
- To språkelement kan påverke kvarandre og inngå ei særskilt binding
- *Bort + kasta* ser ut til å binde fokuset på resultat og tilstand som allereie ligg i *vere kasta bort*; dei to elementa er dermed tvungne til å bli adjektiv og *kasta* forlet verb-kategorien



# Bruksbasert kategorisering

- Korpussøk som kjelde for grammatisk kategorisering
- "Partisipp av laust samansette" verb er ikkje partisipp i det heile, men avleidde adjektiv  
→NOB: **bort** | **kasta** a3 (av *Ill kaste* og *bort*)....
- Samansetjingsprosessar kan overstyre regelen om at ordklassa følgjer av sisteledet
- →Andre slike adjektivdanningar med uventa ordklasse er t.d. *toroms*, *tretrinns*
- Kognitiv lingvistikk: teori for bruksbasert kategorisering (Langacker 2008; Taylor 2002).

# Vel og bra, men...

- Korpusbruken manglar ...
- Eg tvilar alltid litt på grammatikkane når eg ser all variasjonen i ymse tekstar
- Det skjer ting ved samansetjing
- Viktigaste resultat for meg:  
Eit grundig arbeid med partisippbruk, særleg når det gjeld partikkelverb, står enno att å gjere for norsk, både bokmål og nynorsk

# Litteratur

Beito, O (1986): *Nynorsk grammatikk. Lyd- og ordlære*. Oslo: Det norske samlaget

Faarlund, J. T., S. Lie & K. Vannebo (1997): *Norsk referanse-grammatikk (NRG)*, Oslo: Universitetsforlaget

Langacker, R. 2008: *Cognitive grammar*. Oxford: Oxford University Press

Taylor, J. R. (2002): *Cognitive grammar*. Oxford: Oxford Textbooks in Linguistics

Nynorskkorpuset til Norsk Ordbok 2014:

<http://no2014.uio.no/korpuset/ord-freq.html>